

Styremøte 4-2015 - Referat

Torsdag 28. mai 2015 kl. 18:00 hos Inge

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke

Sak 1: Planlegging av dugnader

Vedak frå siste møte:

- Fastsettjing av dato
VEDTAK: Lørdag 6. juni 2015. Førebuingsarbeid fredag 5. juni.
- Bestillingar av nye flyteelement for brygge A, inkl. kontainer
VEDTAK: Bestilling via Bygger'n Selje.
- Flytting av båtar.
VEDTAK: Dei som har båtar på brygge A må få melding om at båtane må flyttast i samband med dugnaden.
- Avtale om kranbåt frå Marine Harvest
VEDTAK: Avtale ok. Ronny Årvik.
- Førebuing av fester for redningstau
VEDTAK: Drøfting på staden vedrørende løysing.

STATUS:

Starttidspunkt: Kl. 09:00.

Flyteelement brygge A: Kontainer, flyteelement, kranbil og kranbåt er bestilt. Gamle element må skjerast laus på førehand (Terje og Arne).

Flytting av båtar: Alle båteigarar på A-bryggja må få beskjed om å flytte innan kl. 08:00 laurdag 6. juni (Inge). Løyve til å bruke Saga si bryggje (Arne). Legg båtane utanfor kvarandre.

Reingjere parkeringsplassen: Hvis mange nok. Brannbilen og sprøyta kan komme (Geir Petter, Arne).

Rette opp C-bryggja: Dersom tid. Improvisere båtflytting.

Registrering av fram møte: Det lagast liste som inneheld dei som skal vere der. Alle som møter må skrive seg på (Inge).

Sak 2: Bytte av plass / Tilbod om plass

Nye utriggarar ligg no på parkeringsplassen.

VEDTAK:

- Festebeslag må kanskje lagast (Terje og Arne).
- Eigarane må få melding om at dei må sette utriggarane sine på plass snarast slik at vi kan ta i bruk dei som vert ledige (Terje).
- Ledige plassar leggast ut til dei som står på ventelistene (Inge).

Sak 3: Framlegg til årsmøtet om at fritak for årsavgift for styremedlemmane skal inn i vedtektene

VEDTAK:

Styret gjer framlegg til årsmøtet om å gjere følgjande endring i Vedtektene.

Paragraf 6 Medlemsplikter:

Noverande tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale årlig medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

Ny tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna, med unntak av styremedlemmane, pliktar å betale medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

Sak 4: Andelsinnskott

Gjeldande pris for avvikande breddemål på båtplassane er 1.000 kroner per 25 cm. Vedtektene mangler informasjon om dette. Dermed vert heller ikkje denne summen prisjustert. Årsmøtet bør vurdere denne prisen kvart år saman med storleiken på andelsinnskott.

VEDTAK:

Styret ber årsmøte vedta å ha med eit punkt om pris på avvikande breddemål på plassane under **paragraf 3 Medlemskap, avsnitt Andelsinnskott.**

Møtet slutt.